

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 113/2001
av 28. september 2001

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 98, og

på følgjande bak grunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 91/2001 av 13. juli 2001⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2001/171/EF av 19. februar 2001 om fastsetjing av vilkåra for eit unntak for glaseballasje med omsyn til dei nivåa for konsentrasjon av tungmetall som er fastsette i direktiv 94/62/EF om emballasje og emballasjeavfall⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XVII etter nr. 7c (kommisjonsvedtak 1999/177/EF) i avtala skal nytt nr. 7d lyde:

«7d. **32001 D 0171:** Kommisjonsvedtak 2001/171/EF av 19. februar 2001 om fastsetjing av vilkåra for eit unntak for glaseballasje med omsyn til dei nivåa for konsentrasjon av tungmetall som er fastsette i direktiv 94/62/EF om emballasje og emballasjeavfall (TEF L 62 av 2.3.2001, s. 20).»

Artikkel 2

Teksta til kommisjonsvedtak 2001/171/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEF L 251 av 20.9.2001, s. 17, og EØS-tillegget til TEF nr. 47 av 20.9.2001, s. 4.

⁽²⁾ TEF L 62 av 2.3.2001, s. 20.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. september 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 28. september 2001.

For EØS-komiteen
Formann

E. Bull

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.